
Fra: Arnhild Kannelønning
Sendt: onsdag 3. juli 2019 15:39
Til: 'khjerta@gmail.com'
Kopi: 'arild.saetre@muho.no'
Emne: Oversikt, tilskot frå kommunen til uthus ved Holmestova v/Kjell Hjertås
Vedlegg: Retningsliner.pdf (L)(510802).pdf

Hei,

Her kjem ei oversikt over tilskot frå Meland kommune til uthus ved Holmestova v/Kjell Hjertås.

Hordaland fylkeskommune innvilga i 2018 søknaden frå Meland kommune om stønad til uthus ved Holmestova v/Kjell Hjertås, og gav eit tilskot på 30.000 kr. I tillegg fekk kommunen løyve til å omdisponera overskotsmidlar pålydande 10.534 kr. til prosjektet. Utbetalinga vart sett på vent i påvente av oppstart av prosjektet, og pengane kan utbetalast når dokumentasjon på at arbeidet er i gang vert førelagt kommunen. Vedlagt er retningsliner for tilskot til verna kulturminne, til å gjera seg kjent med.

Kommunen skal rapportera til fylkeskommunen i februar 2020. Ber difor om å få tilsendt følgjande dokumentasjon innan 15. desember 2019:

- › *Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.*
- › *Oversikt over kostnader og finansiering*
- › *Dokumentasjon i form av før og etter foto e.l.*

I tillegg kjem tilskot til ålmenne kulturmidlar i 2017 og 2019, til ein samla sum på 90.000 kr:

2017: 50.000 kr. (utbetalt)

2019: 40.000 kr. (vert utbetalt ila. dei neste vekene)

Samla tilskot for 2017–2019:

Ålmenne kulturmidlar 2017:	50.000 kr
Ålmenne kulturmidlar 2019:	40.000 kr
Tilskot til verna kulturminne 2018:	30.000 kr
Ekstra tilskot til verna kulturminne 2018:	10.534 kr
TOTAL:	130.534 kr

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, er det berre å ta kontakt.

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928

E-post: arnhild.kannelonning@meland.kommune.no

